



***SPESIELLE MILJØTILTAK I
LANDBRUKET (SMIL)***

Strategi for Hå kommune 2022 - 2026

Vedtatt av utval for tekniske saker og næring xxxxxx.2022

Innhald

<i>SPESIELLE MILJØTILTAK I LANDBRUKET (SMIL) Strategi for Hå kommune 2022 - 2026</i>	1
1. <i>Bakgrunn</i>	3
2. <i>Overordna føringar</i>	3
3. <i>Sentrale forskrifter, planar, strategiar, registreringar mv.</i>	4
4. <i>Moment det bør leggjast vekt på ved prioritering av tiltak</i>	4
5. <i>Landbruket i Hå kommune</i>	5
6. <i>Utfordringar</i>	6
7. <i>Tiltak det kan vere aktuelt å tilskot</i>	7
8. <i>Presiseringar</i>	12
9. <i>Prioritering og tilskotnivå</i>	13
10. <i>Saksbehandling</i>	13

1. Bakgrunn

Hovedføremål med denne strategien er å stimulera landbruksføretak til ein ekstra innsats ut over den daglige drifta på tiltak innan kulturlandskap og ureining.

Gjennom denne SMIL–strategien vil kommunen i samarbeid med landbruksnæringen, være med på å ta vare på landbrukets kulturlandskap i tråd med nasjonale og regionale føringar for landbrukspolitikken. Ivaretaking av kulturlandskapet ut over normal landbruksproduksjon etter naturmangfaldslova og å redusere ureining etter vassforskrifta er framheva som sentrale satsingsområde.



Tilskotet er statlege midler som vert overført til kommunane.

Kommunane forvaltar tildelte midlar ut frå sine lokale utfordringar og prioriteringar.

Statsforvalteren handsamar søknadar om dispensasjon og er klageinstans på kommunale vedtak.

2. Overordna føringar

- Kommuneplan for Hå kommune (2014 - 2028)

- Regionalplan Jæren 2050
- Regionalplan for landbruket i Rogaland
- Kommende Regionalplan og regionalt tiltaksprogram for vassforvaltning i Vassregionen Rogaland 2022 - 2027
- Melding.St. 9 Landbruks- og matpolitikken
- Gjeldende nasjonalt miljøprogram

3. Sentrale forskrifter, planar, strategiar, registreringar mv.

- Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i landbruket
- Forskrift om naturmangfold
- Forskrift for Avløyser- og produksjonstilskudd
- Forvaltningsplan for Jærstrendene landskapsvernområde
- Forvaltningsplan for Synesvarden og Søylandsvatnet
- Kulturminnevernplan – Hå kommune samt SEFRAK-registeret
- Tiltaksplan for Håelva, Varhaugselvane og evt øvrige vassdrag
- Askeladden (kulturminnedatabase)
- Gjeldende registreringer av biologisk mangfold, herunder Naturbasen (Miljødirektoratet)

Proessen

Landbrukskontoret har fått ansvaret for å gje SMIL – strategien innhald. Før godkjenning fikk bondelaga i kommunen og Statsforvalteren strategien til uttale og innspel.

Tiltaksstrategien gjeld for 5 år.

4. Moment det bør leggjast vekt på ved prioritering av tiltak

Ved vurdering av søknadar om tilskot, skal det leggjast vekt på om tiltaka:

- reduserer avrenning og ureining til vassdrag
- tek vare på det biologiske mangfaldet

- tek vare på yngre og eldre kulturminne
- tek vare på freda og verneverdige bygningar og anlegg
- fremjar estetiske verdier og det som er typisk for kulturlandskapet i Hå
- fremjar tilgjenge og folk sine behov for rekreasjon i kulturlandskapet

Forskriftene er gjevne med heimel i jordlova. Prioriteringane må difor ikkje vera i strid med dei føremåla jordlova skal fremja.

5. Landbruket i Hå kommune



Det er eit aktivt landbruk i Hå, der så godt som all jorda er i produksjon. Det er fast busetjing på dei aller fleste gardsbruka. På mange gardsbruk bur det folk i fleire hus. Landbruket er derfor på ingen måte prega av fråflytting. Det er eit aktivt husdyrmiljø i kommunen, som er ein av dei største husdyrkommunene i landet. Hå Kommune er stor på mjølk, gris og kylling. Det er også eit aktivt potet- og grønsaksmiljø. Kommunen har ein stor del av produksjonen av gulrot, potet og kålrot i regionen. I kommunen er fleire veksthusprodusenter og i

Kviamarka er Norges største veksthus. Det er og en stor blomsterproduksjon i veksthus. Der er også etablert mange bedrifter som foredler råvarer frå landbruket, herunder gardsysteri og fleire gardsutsalg.

6. Utfordringar

Hovudutfordringa for landbruket i Hå vil vere å betra vasskvalitet i vassdraga og ta vare på viktige element i kulturlandskapet som kulturminne, verdifulle kulturmarkstypar, biologisk mangfald, variert kulturlandskap og friluftsområdar, samstundes som ein legg til rette for eit effektivt landbruk. Kulturlandskapet er bonden sitt utstillingsvindauge, og det er med på å legitimere dei statlege overføringane til landbruket.



Viktige utfordringar vil her mellom anna vere å:

- Sjå på landbruksnæringa som produsent av mat i tillegg til produsent av miljøgode, der produksjonen av mat og miljøgode må tilpassast samfunnet sine behov og dei internasjonale forpliktingane og krava som norsk landbruk står overfor.
- Ha fokus på rene vassdrag og gode levekår for livet i vatnet.
- Styrke det biologiske mangfold og unngå tilbakegang av trua arter som blant anna vipa og åkerrikse
- Redusere klimagassutslipp fra jordbruket
- Tilpasse landbruksdrifta til jordbruksareala sin betydning for friluftsliv og opplevingar for befolkninga. Landbruket må i denne samanhengen vere med på å leggje til rette for ferdsel, samstundes som det vert arbeidd for å unngå at det oppstår brukskonfliktar.
- Sjå på forvaltninga av kulturminne og kulturmiljø i samanheng med den generelle næringsverksemda på landbrukseigedomen.
-

7. Tiltak det kan vere aktuelt å tilskot

Miljøtiltak

Reinseparkar og fangdammer



Det kan ytes tilskot til fangdammer og reinseparkar samt opprensk og vedlikehald av eksisterende anlegg. Anlegg med høg kostnadseffektivitet og som ligg i område med dårleg vasskvalitet skal prioriterast. Ein tek omsyn til finansiering gjennom andre instansar.

Fangvollar

Det kan ytes tilskot til bygging av fangvollar for å hindre jordavrenning frå opne åkre til vassdrag.

Opne lukka vassløp

Opne vassløp har ein positiv effekt mellom anna med omsyn til biologisk mangfald og auka moglegheit for rensing av næringsstoff og partikler i avrenning frå landbruket. I søknader om tilskudd til å opne lukka vassløp, skal område som drenerer til prioriterte vassdrag prioriterast.

Tiltak i vassdrag



Miljøvennleg ru steinsetjing av vassløp vil redusere fare for utgraving og andre skadar ved flommar, samtidig som det er positiv for livet i vassdraget.

Habitatsforbedrende tiltak i og ved vassdrag er prioritert. Herunder etablering av kantvegetasjon.

Kulturlandskap



Kulturminne

Istandsetting av kulturminne kan støttast. Arbeidet må gjerast i samråd med kulturminnemyndigheit.

Bygningar

For bygningar gjeld ordninga berre utvendige tiltak. Bygningar må ha ein verdi som eit element i kulturlandskapet, og ha ei kulturhistorisk interesse. Bygg og anlegg som er omtala i Kulturminne- planen og er klassifisert som SEFRAK A eller B har prioritet. Det er her berre mogleg å gi tilskot til utvendig restaurering, vindauge og dører. Oppbygging av næringsverksemd vert ikkje støtta. Normalt vedlikehald av bygningar som er i bruk vert ikkje støtta. Ved vedlikehald, kan meirkostnader med å tilbakeføre bygningen til opphavleg utsjånad støttast.

Steingardar



Det kan gjevast tilskot til å restaurere gamle steingardar. Steingardar som er visuelt viktige element i landskapet har prioritet. Eldre steingardar, særleg langs Nordsjøvegen som er nasjonal turistveg, steingardar i eller grensande til og i verneområde og

verdifulle kulturlandskap samt geilar, ønskjer ein å prioritere. Det kan normalt ikkje gis tilskudd til nye steingardar og steingardar rundt tun. Det kan i særlege tilfelle gis tilskudd til flytting av gamle steingardar viss disse vil ha stor opplevingsverdi og blir oppført i eigedomsgrense. Det settes krav til høgde, utsjåande og kvalitet på steingarden.

Kystlynghei

Med kystlynghei menes opne, heipreika og trebare områder i lavlandet dominert av dvergbuskar og andre nøysomme, beitetolande heiertar forma gjennom langvarig hevd gjennom beiting, brenning og utmarksslått og som oppfyller kriteriane for å bli klassifisert som "svært viktige" (A-lokalitet) og "viktige" (B-lokalitet) av Direktoratet for naturforvaltning.

Det kan gis tilskudd til inngjerding, brenning eller anna godkjent skjøtsel av utvalgt kystlynghei. Det vil være krav om skjøtselplan for vedlikehald av plantearta.

Anna tiltak i kulturlandskapet

Det kan vurderast å gi tilskot til anna særskilte tiltak i kulturlandskapet som har tilskot i nasjonale og kommunale føringar. Det vil i tiden fremover bli gitt tilskudd til å fjerne piggtråd i landskapet til fare for dyreferdsl.

Biologisk mangfald

Åkerrikse



Åkerrikse er ein fugl som står på raudlista over utrydningstrua fugleartar. Fuglen hekkar i jordbrukslandskap og det kan gjevast tilskot til fuglevenleg slått, der ein har fått påvist fugl. Det kan ytes tilskot i samsvar med handlingsplan for åkerrikse.

Foto: Ukjent



Det kan også vera aktuelt å gi tilskot til andre arter med handlingsplan, eks vipa.

Planlegging/tilrettelegging

Ferdsel/turvegar



Det kan gjevast tilskot til å byggje turvegar, parkeringsplassar m.v. med det som føremål å fremja ålmenta si oppleving av kulturlandskapet. Det kan også gjevast tilskot til å byggje grindar og setja opp gjerdeklyvarar og hundeportar for å lette tilkomst og hindre ulemper for gardsdrifta. Tiltak som fører til samanhengande løyper blir prioriterte. Det bør i prinsippet ikkje omfatta turvegar og stiger i skog og utmark. Når slike

turveger/stiger må gå via skog- og utmarksområder for å oppnå gode heilskaplege løysingar kan det førebels være aktuelt å inkludere disse.

Skjøtselplan

Det kan gjevast tilskot til å utarbeida skjøtselplanar for beiting av kystlynghei mm. Planar som omfatter fleire eigedomar prioriteres.



Foto Tone Elin Berge

Informasjonstiltak

Det kan gjevast tilskot til utarbeiding av informasjonskilt om viktige friluftsområdar og merking av turveggar.

8. Presiseringar

Lista ovanfor er ikkje uttømande. Andre tiltak som fell inn under føremålet i *Forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket*, kan og vere aktuelle.

Innafor saksområda omtalte ovafor, vil kommunen prioritera fellestiltak som gjeld fleire eigedomar og større område. Tilskotsatsen vil normalt vere den som er oppført for vedkomande tema i tabellen, men kan etter vurdering aukast til inntil 100 % i særlege tilfelle når tiltaksverdien er stor for allmenten og liten for grunneigaren.

Til tiltak i kategorien «Biologisk mangfold» krevjas det skjøtselplan når det er behov. Kostnaden som dette medfører kan leggjast inn i det totale kostnadsoverslaget.

Tilskotsnivået er rettleiande. Til sær gode prosjekt, kan det ytast eit høgare deltilskot. Prosjekt som er mindre viktige, eller som også får midlar gjennom andre kanalar, kan bli avslegne, eller få eit lågare tilskot.

Tilskot vert løyvd etter kalkyle og vert utbetalt etter dokumenterte kostnader. For eigeninnsats må det førast detaljert timeliste.

9. Prioritering og tilskotnivå

Tiltaksgruppe	Prosjekttype	Prioritert (0 – 10)	Normalt øvre tilskotsnivå
Miljø-/ureiningstiltak	Reinseparkar, fangdammer	10	60 % *
	Opning og steinsetjing av bekk	10	60 % *
	Erosjonssikring, Habitatforbedring, kantvegetasjon	10	35 - 70 % *
	Tak gjødsellager	8	35%*
Planleggings- og tilretteleggingstiltak	Tursti/parkering	8	50 – 100 %
	Skjøtselplan	8	50 – 100 %
	Informasjon	8	50 – 100 %
Biologisk mangfold	Etablering av fuglehabitat	10	50-70%*
	Kystlynghei	8	35 – 50 % *
	Biologisk verdifulle areal	8	50 – 70 %
	Trua artar	8	50 - 70 %
Kulturlandskaps- tiltak	Kulturminne	8	50 – 70 % *
	Verneverdige bygningar	5	35 %
	Steingardar	5	35 %
	Anna kulturlandskapstiltak	5	35 -70 %

* Her kan det være aktuelt med tilleggstilskot frå andre aktørar t.d. kommune, fylkeskommune eller staten.

10. Saksbehandling

Søknad

1. Søknad skal leverast på eige skjema (LDIR-430)
<https://www.slf.dep.no/no/miljo-og-okologisk/spesielle-miljotiltak/hvordan-soke/skjema>
2. Søknaden skal innehalde følgjande vedlegg:

- Kart over eigedomen, med innteikna plassering av tiltak
- Beskriving av prosjektet
- Spesifisert kostnadsoverslag (materialkostnader, innleigd arbeid, eige arbeid mv.)

Fotodokumentasjon kan og leggjast ved, der det er naturleg.

Satsar for eige arbeid/utstyr:

Eige arbeid	350 kr/time
Eige arbeid med motorsag	400 kr/time
Eige arbeid + traktor/ATV med henger	600 - 750 kr/time
Eige arbeid + gravemaskin	600 - 800 kr/time

Ved vurdering av kostnad ved gjerding skal en bruke gjerdekostnad utgitt av Sau og geit som referanse. Ved riving av piggtråd og oppsett av nytt gjerde brukes kr 22 pr m. I samband med meir utfyllande rettleiande prisar vil ein støtta seg til prisar hos lokal maskinringar. Informasjon om dette kan ein få ved å ta kontakt med landbrukskontoret.

Fristar/behandling

- Det er løpende behandling av søknader. En forsøkar å oppnå målsettjing om fordeling av midlar til ulike type tiltak.
- Ved mange søknader/lite midlar, kan søknader bli utsett behandla inntil våren att.
- Frist for gjennomføring av tiltak blir normalt sett til 3 år. Fristen kan utsetjast med inntil 2 år. Dette må søkjast om særskilt.
- Tilskot blir ikkje innvilga til prosjekt som er påbegynt før søknad om SMIL-midlar er endeleg behandla.

Utbetaling/ferdigstilling

- Utbetaling av tilskot kan skje når prosjektet er omtrent ½ ferdig og sluttutbetaling når tiltaket er ferdigstilt, i følgje godkjent plan, og rekneskap.
- Synfaring skal haldast.

- Søkjaren er plikta å følgje kommunen sine føringar og vilkår. Brudd på dette kan kommunen krevje tilbakebetaling av utbetalt tilskot.

Generelt

- Retningslinjene skal behandlast politisk og vedtakast.
- Landbrukskontoret gjer enkeltvedtak i kvar søknad. Vedtaket kan pålagast etter forvaltningslova.
- Ved siste søknadsomgang (haust) kan fordelinga mellom ulike tiltaksgrupper fråvikast, slik at samla tilskotspott kan nyttast fullt ut. Dette gjeld dersom det ikkje er nok gode prosjekt innan eit tema, men mange gode prosjekt innan andre tema.